

Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag – 2012.

Styret har i 2012 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Kjell Klopstad – sekretær

Arne Dvergsdal – styremedlem

Gudmund Eimhjellen - styremedlem

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Revisorar:

Olav Svoen og Kjetil Fimland .

Valnemnd:

Svein Svorstøl, leiar, og Peter Garlick

Kontaktpersonar

Vernesaker: Olav Svoen

Villrein : Atle Fimland

Stimerkingsprosjektet ”Over stokk og stein”: Arne Dvergsdal

Styremøter

Styret har hatt 4 møter og behandla ca. 30 saker. I tillegg har der vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. All aktivitet har etter kvart vore dokumentert på nettsida vår.

Prosjekter som laget har vore inni siste året:

Årsmøte

Arrangering av årsmøte 10.03.12- Instedalen skulen. 21 medlemmer møtte. Årsmøtet blei arrangert i samarbeid med Instedalen Storvald som hadde sitt årsmøte rett i etterkant.

Fiskekortslag og båtutleige.

Det blei for sesongen 2012 vidareført sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Bokser med fiskekort på Fimlandsbua, i Nesstranda ved vegen mot Teigavatnet, på Nestunet og ved Vonavatnet. I tillegg var det lagt ut kort på Longevasshytta. I sesongen blei det også vidareført utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Garn kunne hentast hos Olav R. Fimland på Nes. Alle avgifter blei betalt direkte til bank, men det skulle leggest kvitteringslapper att i boksane.

Sjølvbetjeninga har fungert bra og inntektene av salget har auka sidan 2011. Båtutleiga kunne vore betre nytta, det same kunne utleige av garn. Det har vore sendt tekstmeldingspurring til dei som har løyst fiskekort men som likevel ikkje har betalt over nettbank. Vi vonar at betre tilrettelegging for fiske med bl.a. meir eignelege utleigebåtar skal gjere det meir attraktivt å komme seg ut på vatna. Vi vonar og tilrettelegginga med ny parkeringsplass og utbetring av båtutsettingsrampa ved Vonavatnet og opparbeiding av Svobrua friluftsområde vil auke attraktiviteten ved fiske.

”Over stokk og stein”

I vårt område blei det bestemt at stien til Sandfjellet skulle merkast. Dette er no ferdigstilt. Det er Arne Dvergsdal som har ansvaret for dette prosjektet.

Av større nye prosjekt gjennomførte i 2012 er som fylgjer:

- prosjekter ved Vonavatnet med oppgradering og utviding av parkeringsplass og båtutsettings-/opptrekkssrampe
- delvis oppgrusing av parkeringsplassen ved Steinbakken
- oppretting av Svobrua Friluftsområde
- regulering med heving av Svo- og Nesvatnet.
- ferdigstilling av parkingsplass ved Teigen.

Prosjekta er fullfinansiert av midlar vi har søkt om og fått frå randsonemidlar, bestillingsdialogen for LV området, midlar for fylkesmannen for friluftstiltak, SMIL midlar og midlar frå NVE. I forbindelse med dette har ØNU registrert seg i Frivillegheitsregisteret og fått eige organisasjonsnummer. Dette har auke våre mulegheiter til å søke om offentlege midlar.

Vi nemner også at vi i forbindelse med offisiell markering av ferdigstilling av prosjekta fekk gåve frå kommunen på kr 5000,- og campingbenk/bord for bruk ved Vonavatnet frå Instedalen Bygdekvinnelag. For Svobrua friluftsområde har vi fått campingbenk/bord frå Håkon Svoen som han sjølv har laga.

Vi har for 2013 søkt om midlar for og vonar å få ferdigstilt følgjande prosjekt:

- parkeringsplasser ved Øijord og Reinene
- oppgrusing av resten av parkeringsplassen ved Steinbakken
- opprusting av brygga ved Vonavatnet
- fiskeundersøking i Vonavatnet (Rådgivande biologer) – delfinansiering gjort i 2012.
- sittebenker ved parkeringsplassen ved Vonavatnet (ein benk allereie finansiert av Instedalen Bygdekvinnelag)
- nye robåtar i Nes-/Svovatnet og i Vonavatnet.

Trekning av reinsdyrløyver.

22. juli blei det foreteke trekning av reinsdyrløyver for dei av medlemmer av ØNU som hadde søkt om løve for jaksesongen 2012. Naustdal var tildelt to dyr. Dei som blei trekt ut var:

1. Beste løyve: Egil Eimhjellen
2. Nest beste løyve: Peter Garlic
3. Reserve: Gudmund Eimhjellen

Begge dyra blei felt.

Hjortebørsen 2012.

Også i 2012 blei hjortebørsen oppdatert etter oppgåver som vi fekk frå styret i Instedalen Storvald. Ein prøvde å oppdatere talla ca 1 gang pr. veke så lenge det blei skote dyr. Som vi kjenner til var der også i år lite dyr i vårt område med varierende grad av avskyting og mange jaktfelt avslutta jakta tidleg.

Andre saker.

Viltkamera i Blåskaret .

Søknad frå Instedalen skianlegg om skiløypekøyning i LV området

Valg av Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Frå ØNU er Normund Svoen valgt og blei nestleiar i styret.

Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde. Gudmund Eimhjellen og Arne Dvergsdal er utpeikt frå ØNU til å representere oss i dette styret.

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html>

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen frå ”Vonaportalen” for all hjelp til å legge ut sakene våre.

11.02.2013

For styret i ØNU

Normund Svoen